

Allereie ny asfalt på Døsslandsido

06.06.2011



Asfaltringsarbeidet blir rosa av oppsittarar

**Det er ikkje så ofte asfaltering av vegar skjer før enn varsla, men  
det har faktisk skjedd med fylkesvegen fra Kapteingsgarden  
til Haugland.**

**Opdal og Sønner opplyste for stutt tid sidan  
til uskedalen.no at nyasfaltinga ville skje i veke 24, men den  
vart nesten gjennomført allereie midt i førra veka. Og ingenting er  
vel meir gledelig, for vegen har vore i mistrøstig forfatning og ålvorleg  
nedslete i mange år.**

Det som nå står att å asfaltera er ein kort strekning i begge ender.  
Oppsittarar på Døsslandsido gjev uttrykk for at det er gjort  
ein god og grundig jobb som også omfatta forsterkinga av  
vegen forbi Djupelihølen og større slukekakasitet under vegen for  
bekken noko lenger oppe.

NCC Asfalt fortener ikkje minst gode ord for sin  
del av jobben - den med det svarte 'teppet'

Det er noko delte meininger blant oppsittarane  
om kummen eller slusa som er støypt ved Djupelihølen.  
Nokon hevdar at det her er laga ei ny trafikkfelle, medan andre  
meiner at dette var den einaste måten å sikra den kryssande bekken på.

I alle fall er det no ålmen glede på Døsslandsido over det som er skjedd med  
vegen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ny trafikkfelle eller det einaste rette?